

BLÅHAUGEN med LESESVEKER i veke 7. 9 og 10

Med fokus på lesing, valde vi dette skuleåret å utvide ei tradisjonell leseveke, til tre. For å få ein raud tråd gjennom vekene, hadde vi THORBJØRN EGNER sitt forfattarskap som tema. Hans bøker, songer og skodespel er ein viktig del av norsk barnekultur. Vi har ein svært høg andel elevar med heil eller delvis minoritetsspråkleg bakgrunn som kanskje ikkje før kjenner temaet så godt. Det same gjeld andre elevar, som kanskje ikkje kjenner songane og figurane frå barnehage eller feriebesøk i Kardemommeby. Vi tenkjer forøvrig at barnehagane er svært dyktige som kulturformidlarar og vi ynskjer å bidra til det same, som skule.

Bøker:

Som høgtlesingsbøker har fordelt desse på dei ulike trinna.

1.trinn: Da Per var ku mfl.

2.trinn: Karius og Baktus

3.trinn: Hakkebakkeskogen

4.trinn: Kardemommeby

Fellessamlingar:

Vi har hatt 4 fellessamlingar på desse tre vekene. Vi pynta med ballongar, teikningar og klippa snor på den fyrste samlinga, for å markere at lesevekeene blei opna.

På dei to fyrste samlingane i mediateket, introduserte vi Thorbjørn Egner som forfattar. Ein av pedagogane våre laga ein film med smakebiter frå dei aktuelle bøkene/teaterforestillingane. Vi viste bilde av palmar, som Thorbjørn Egner var glad i å illustrere med, og kvart trinn fekk ei kokosnøtt til pedagogisk/kreativ bruk i klassene.

Vi hadde fellessongar og overraskingar.

Tante Sofie dukka plutseleg opp og skapa liv og røre, saman med ein av røvarane som slett ikkje ville vaske seg.....

Desse to samlingane var for det meste vaksen-styrt, men elevar frå 4.trinn var forsongarar.

På dei to felles samlingane i mediateket, fekk elevane utfalde seg med skodespel, opplesing, song og andre innslag. Det var kjempekjekt og engasjerande 😊

«Øyhopping» som metodikk:

I same perioda har vi som leseveke-team introdusert «øyhopping» til klassetrinna. Det er ei metodisk tilnærming som legg til rette for betre tilpassa opplæring, og gjer elevane

meir sjølvstendige. Opplegget kan minne litt om «programma» vi brukte i skulen for ein del år sidan, der elvane fekk velje rekkjefølge på oppgåver på tvers av faga. Nokre klassetrinn samla oppgåvene i eit hefte medan andre organiserte det som stasjonar der oppgåvene blei presenterte på ulike plassar i klasserommet.

Minst to undervisningstimar kvar dag, blei brukt til «øyhopping» der oppgåvene var direkte knytta til tema og bøker av Thorbjørn Egner. Men også andre oppgåver gjekk inn i dette opplegget. Vi skriv litt meir frå kvart klassetrinn, om respons og erfaring med denne metodikken.

Dokumentasjon:

Vi laga til to permar for kopiar av oppgåver tilknytta forfattaren, eller «øyhopping»-metodikken. I tillegg blei denne rapporten lagt inn i den eine permen.

Bok-kafe:

Det var populært for 3. og 4.trinn sine elevar, som fekk tilbodet om bok-kafe kvar sin ettermiddag. Mediateket blei laga til med dempa belysning, putar, gode stolar, lys og blomster. Vi hadde svak, klassisk musikk og alt låg til rette for ei stille stund for den einskilde elev. Alle hadde med seg kvar si bok, på deira nivå. Etter eit kvarter, fekk alle forsyne seg i kafeen, med popcorn og vatn. Samla på golvet med snacks og drikke, lytta dei til ein pedagog som fortalde ei historie. 😊

Elevane responderte svært positivt på denne lesestunda som var ein litt annleis oppleving. Ein heilt ny elev frå Ukraina, fekk nokre bøker å velje mellom, på sitt eiga språk.

1.trinn:

2.trinn:

3.trinn:

4.trinn: